



## Leiarmøte NKØG Berkåk 24. juni 2023 kl. 17.00-18.30

Til stades:	Aud Irene Hindbjørg, Budal songlag, Anne Grete Rognes, Damekoret Uredd, Monika Rise Stein, Hauka Dekorum, John Olav Røphaug, Haltdalen Mannskor, Olav Edvin Heggvold, Hauka Mannskor, Mona Bollandås, Hovinkoret, Gjertrud Løhre, Kvål Songlag, Kari Beate B. Rønning, Kvikne Songlag, Signy Thomassen Stendal, Meldal Songlag, Jan Inge Flaa, Rennebu mannskor, Mari-Brit Bjerkan, Rognes Songlag, Ann Elin Fjæran, Sangkoret Samhald, Heidi Digre, Singsås damekor
Gjestekor:	Inger Olsvik, Damekoret Courage
Frå styret i NKØG:	Mette Storseth, Lars Nesheim
Ikkje til stades:	Sangkoret Lundarljom (leiar Kjell Olden var møteleiar på dirigenttreffet), Korista

Lars ynskte velkommen, oppfordra til å ta opp det kora var opptatt av. Det vart servert vin, øl og snacks. Alle deltakarane presenterte seg sjølve.

### Ting som kom opp i presentasjonen:

- ✓ Budal Songlag tek pause i eitt år. Men at dei vert med på prosjekt i saman med Kvål songlag.
- ✓ Heidi i frå Singsås Damekor sa at campingplassen var veldig bra, at opninga med fanane var fin og at Tove Ramlo Ystad heldt ein fin tale.

### Nytt frå Norges Korforbund

- ✓ Rune Frank Brunslid er tilsett som ny generalsekretær.
- ✓ På leiarmøtet i mars vart det vedtatt å auke kontingenten med kr 45 per medlem, og å innføre ein ny kontingent på kr 1.000 per kor. Det vart levert inn ein klage på at vedtaket strir mot vedtektene. Sentralstyret vedtok deretter etter råd frå advokat å vrake korkontingenten.
- ✓ Tysdag denne veka møtte NK statsekretærene i Kultur- og likestillingsdepartementet og i Helse- og omsorgsdepartementet, der dei overleverte oppropet om demenskor i hele landet. Dei oppfordra departementa til å sikre demenskortilbud i alle landets kommunar og øymerke midlar til dette.
- ✓ Landsfestival for kor i Kristiansand neste år vart fullteikna på rekordtid og 25 kor står på venteliste for å kunne vere med.
- ✓ NM for kor i Trondheim i oktober har hatt fin påmelding og 54 kor deltek 5. – 8. oktober.
- ✓ Siste helg i oktober vert det arrangert leiarsamling for tillitsvalde i distriktsledd på Gardermoen.

### Leiarsamling i november

- ✓ Me skal ha leiarsamling i november. Forslag på datoar: søndag 5. og 19. november. Me satsar på å avklare tid og stad i første halvdel av september. Det kom opp forslag om å invitere Tove Ramlo Ystad. Då er det eventuelt også aktuelt å invitere dirigentane.
- ✓ I etterkant av møtet, etter konserten på søndag, kom det fram synspunkt på at konsertane er for lange, og særleg folkekonserten (3 timar og 15 minutt). Aktuelt å drøfte konsertopplegget på leiarmøtet. Innspel i frå Hauka Mannskor: Kanskje berre ha ein kyrkjekonsert (laurdag) og ein folkekonsert (søndag). Kora syng t. d. to-tre songar på anten kyrkjekonsert eller folkekonsert.

Bytter neste år. Då vert det 8-10 kor på kvar konsert. Eit slikt opplegg, utan konsert på fredag, vil gjere det mindre hektisk på første dagen. Ein uheldig konsekvens kan vere at nokre kor berre deltak den eine dagen!

- ✓ NKØG har ei gamal fane, som er lagra i Hauka forsamlingshus. Kva skal me gjere med denne fana? Permanent lagringsplass?

## Diverse saker

### *Påmeldingsfristar*

Olav Edvin Heggvold sa at det hadde vorte alt for mange endringar i påmeldingane frå kora, heilt opp til stemnet. Det har skapt mykje ekstraarbeid. Bør diskutere om det er nødvendig med såkalla førehandspåmelding. Dette er lite nyttig for arrangøren. Kanskje førehandspåmelding berre skal dreie seg om at kora har tenkt å kome eller ikkje. Endeleg påmeldingsfrist kan setjast til 10. mai. Etter den fristen bør kora sjølv dekke bortfall av påmeldingsavgift. Dette kan også verte tema på leiarmøtet.

### *Opplegg for dei under 18 år*

Monika Rise Stein, Hauka Dekorum, tok opp spørsmålet om korleis ein skal lage opplegg for dei under 18 år, til dømes på festmiddagen. I år vart det, etter ein viss diskusjon, laga ein alkoholfri sone, i salen under festmiddagen. Ein bør diskutere korleis dette kan løysast i framtida, aktuelt tema på leiarmøtet.

### *Stemnestader*

På årsmøtet i februar 2023 vart følgjande rekkjefølgje vedtatt:

2023: Hauka mannskor  
2024: Budal songlag  
2025: Sangkoret Lundarljom  
2026: Kvikne songlag  
2027: Sangkoret Samhald  
2028: Meldal songlag

Etter årsmøtet har Budal songlag trekt seg, og det innebar at dei andre kora har rykt eitt år fram. I etterkant av møtet har Kvikne songlag sendt følgjande beskjed:

*Nå har styret fått diskutert om vi har mulighet for arrangement allerede i 2025, og vi har kommet fram til at vi ønsker å få utsette dette et år. Vi står for tiden uten dirigent, og det hadde vært greit å få litt mer tid på oss. Om vi arrangerer i 2026 har vi også jubileum det året. Håper dette ordner seg.*

Dette vil då eventuelt bety følgjande rekkjefølge:

2024: Sangkoret Lundarljom  
2025: Sangkoret Samhald  
2026: Kvikne songlag  
2027: Meldal songlag

Vedtaket om rekkjefølgje kan først gjerast på årsmøtet i 2024. Men det kan vere eit tema på leiarmøtet i november.

Hovin 28. juni 2023

Lars Nesheim